



NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Røldal Fjellstyre
Org.nr.: 975 690 229

Røldal, 22.10.2024

Høyringsvar vilkårsrevisjon og O/U RSK - LYSE KRAFT DA

Røldal fjellstyre er vald av Ullensvang kommune til å administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnande innanfor Røldal statsallmenning. Fjellstyret skal arbeide for å sikre at allmenninga vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene (jf. Fjellova §3).

Ein gjer merksam på at det er Statskog SA som er den formelle grunneigaren i statsallmenninga.

Iverksetjing av grunndisponeringstiltak – her under tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern (jf. §12 i Fjellova).

Innanfor Røldal statsallmenning, i nedbørsfeltet til RSK-utbygginga, vart det etablert fire reguleringsmagasin; Austre og Vestre Middyrvatn, Nupstjørn og Kaldevatnet. Røldal fjellstyre vil i denne høyringsuttalen primært fokusere på tiltak som påverkar brukarinteressene våre innanfor statsallmenninga – primært beitebruk, jakt, fiske og friluftsliv.

Ein må i tillegg gjere merksam på at Røldal fjellstyre leiger fiskeretten av Statskog på Svandalsflona-eigedommen (Gnr./bnr.: 18/4). Gjennom leigeavtalen har Røldal fjellstyre fullmakt til å representere grunneigar i saker gjeldande fiskekultiveringa på eigedommen. Røldal fjellstyre vil difor òg inkludere tiltak rundt reguleringsmagasinet Votna i denne høyringsuttalen.

Generelt

Røldal fjellstyre si oppfatning av ein miljørevisjon er at det skal kome reelle miljøforbetringar. Fjellstyret greier ikkje å sjå kva desse miljøforbetringane vil vere innanfor Røldal statsallmenning.

Røldal fjellstyre har tilsett eige feltmannskap, som i tillegg til sekretærarbeid for fjellstyret, utfører oppsyn og skjøtselsarbeid innanfor statsallmenninga. Fjellstyret meiner at det må stillast krav til at regulanten nyttar fjelloppsynet (gjennom Fjellstyra på Hardangervidda AS),

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf. 481 03 170 - e-post: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: 482 70 778 – e-post: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

til å utføre relevant arbeid innanfor statsallmenninga. Dette kan til dømes vere fiskeutsetting, transportoppdrag eller snømåling.

Gjeldande fiskeressursen innanfor Røldal Statsallmenning (og Votna)

Dei regulerte vatna innanfor Røldal statsallmenning vart særst hardt råka av reguleringa. Truleg vil det ikkje vere mogleg å oppnå tilfredsstillande miljøtiltak, utan å påleggje regulanten restriksjonar på manøvreringsregimet i magasina. At utbyggingane var inngripande på natur og miljø, har det aldri vore noko tvil om. Oppnemnt fiskerisakkyndig Ivar Steine gjev i 1975 fylgjande skildring av reguleringa, og følgjene, for det 54 meter djupe Austre Middyrvatn:

«Reguleringsinngrepet i Ø. Middyrvatn består i en totalregulering på 40,5 m (1,5 m oppfylling og 39 m tapping). Dette er et meget sterkt inngrep i de økologiske/biologiske forhold i vannet og skaden på fisket settes til 100%.»

Fiskekultivering

Som nemnd er det ei forventning frå Røldal fjellstyre at det etter miljørevisjonen skal vere tydelege miljøforbetringar innanfor statsallmenninga. For «våre» reguleringsmagasin, vil det å kunne få etablert stabile fiskestammar i vatna vere av særst stor verdi. Per i dag er det truleg fisk i alle reguleringsmagasina. Så langt underteikna er informert, har det aldri vorte gjort vedtak med utsettingspålegg til regulanten i desse vatna. Fiskestammene skuldast, med unntak av siste fiskeutsetjing i Kaldevatnet, for det meste av «private initiativ». Desse «initiativa» har medført at det har vore fisk i alle vatna sidan lenge før reguleringa. For Røldal fjellstyre framstår det som ufatteleg at regulanten ikkje har fått pålegg om å minimere skadane vassreguleringa har på fiskebestandane i vatna.

Aurefisken overlever i vatna, og vert av ypparste kvalitet. Ut frå rapportane til den fiskerisakkyndige, er dette uventa. Denne kunnskapen forventar Røldal fjellstyre vert tungt vektlagd. Ein forventar at det i miljørevisjonen kjem tiltak, og avgrensingar, som sikrar tilhøva til aurefisken i vatna framover.

Fiskestamma i desse vatna gjer at ein framleis har noko glede av vatna. Her må spesielt Kaldvatnet trekkjast fram, kor ein særst flott fiskebestand gjer at dette er eit veldig populært fiskevatn lokalt. Røldal fjellstyre sat ut fisk i dette vatnet for fyrste gang i 2017, i tett samarbeid med Hydro Energi – eit særst positivt tiltak! Ytterlegare fiskeutsettingar har vore ynskja i seinare år, men tilbakemelding frå Statsforvaltaren i Rogaland, er at slike tiltak skal gjennomførast av regulanten.

Fjellstyret krev at det frå no av skal vere eit tydeleg krav at fiskekultiveringa i reguleringsmagasina på Røldal statsallmenning skal vere på ein slik måte at ein beheld den gode kvaliteten på fisken som det alltid har vore i vatna. Truleg er dette ikkje mogleg utan jamlege fiskeutsetjingar. Røldal fjellstyre krev soleis at det vert stilt tydelege krav til regulanten om fiskeutsetjingar i reguleringsmagasina Vestre- og Austre Middyrvatn, Nupstjørn og Kaldevatnet.

For å behalde den høge kvaliteten på fisken, krev det god oppfølging. Ein må ha ei adaptiv fiskeforvaltning, kor regulanten vert ansvarleg for å gjennomføre eit jamleg prøvefiske, og utfører dei kultiveringstiltaka som er naudsynte.

I fiskerapporten som er vedlagt miljørevisjonen, er det **ikkje** gjort ei fiskekyndig vurdering av kva fiskeutsetjingar som vil vere «forsvarleg» i dei forskjellige magasina. Ei tilleggsutgreiing av dette, kor ein òg legg til grunn den historiske fiskekultiveringa av vatna, må gjennomførast som supplement til den noverande rapporten.

Røldal Fiskefond

I samband med den originale konsesjonen oppretta ein Røldal Fiskefond. Dette var meint å vere eit avbøtande tiltak på dei forventa negative konsekvensane vassdragsreguleringa ville ha på fiskebestanden i reguleringsmagasina. Røldal fjellstyre forstår det slik at intensjonen med fondet var å ha økonomiske midlar til å utføre fiskekultiveringstiltak i omliggjande vatn – ikkje påverka av utbyggingane. Dette var eit godt tiltak! Røldal fjellstyre meiner at ein bør byggje vidare på dette tiltaket, og syte for at regulanten årleg må betale inn eit betydeleg beløp inn til fiskefondet.

Røldal fjellstyre mistenkjer at det lokalt er vorte presedens for slike tiltak, då AS Saudafallene no årleg må overføre kr 10 000 til fiskefondet. Samanlikna med RSK anlegget, er inngrepa til AS Saudafallene særst små. Soleis må ein kunne forvente at konsesjonæren til RSK vert pålagt å overføre minst kr 50 000 årleg til Røldal fiskefond.

Båttutsett

Skal ein kunne ferdast på reguleringsmagasina, til dømes i samband med jakt eller fiske, er ein avhengig av at det er tilfredsstillande tilrettelagt for utsetting av båt i vatna. Dette er ikkje tilfellet i dag. Røldal fjellstyre forventar at det vert tilrettelagd for dette i Austre- og Vestre Middyrvatn, og Kaldevatnet.

I Votna er det for relativt få år sidan gjort eit forsøk på å lage eit nytt båttutsett. Dette fungerer **ikkje** tilfredsstillande. Til dømes var det i 2021 umogeleg å setje ut båt heile fiskesesongen (då vatnet aldri nådde opp til båttutsettet). Konsekvensen for fjellstyret, vil i slike tilfelle vere at ein ikkje får seld dei fiskekorta ein forventar, med dei negative økonomiske konsekvensane det har. Ein må forvente at regulanten vert pålagt å lage eit båttutsett som er enkelt, funksjonelt, og som kan nyttast uavhengig av vasstanden i magasinet.

Ved Kaldevatnet bør regulanten bli oppmoda til å setje opp eit naust, med ein enkel overnattingsdel. Etter reguleringa, har vatnet vorte enkelt tilgjengeleg, men då berre for utvalde grunneigarar, og tilsette hjå regulanten. Dette har vore ei uheldig løysing i snart 50 år. For å imøtekome dei lokale innbyggjarane, og brukarane av fjellområda – og dermed reguleringsmagasina – bør det rettast ei forventing til regulanten, om å no tilretteleggje for alle i bygda, ikkje berre sine egne tilsette.

Gjeldande villreinen

Røldal fjellstyre stiller seg sterkt kritisk til kvaliteten på miljørapportane som omhandlar villrein. Dette gjeld spesielt rapporten som er presentert i samband med miljørevisjonen, men ein ser òg at dei tvilsame konklusjonane frå rapporten, vert bygd vidare på i «Vedlegg 4.7 Fagrapport Villrein».

Dokumentet «*Krav om tilleggsdokumentasjon for villrein frå Røldal fjellstyre*» er tidlegare sendt inn til NVE, og no publisert på sak 202320330: *Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk*. Fjellstyret viser til dette dokumentet i sin heilskap, og gjentek ikkje argumenta i dette høyringssvaret.

Røldal fjellstyre har ikkje vorte tilsendt «*Ekstra dokumentasjon fra Norconsult ang. villrein - Tilknyttet RSKs dispensasjonssøknad for verneområder ved Holmavatn*», men har funne dette ved ein tilfeldigheit. Fjellstyret stillar seg undrande til kvifor NVE ikkje formidlar ny kunnskap til «aktørane» som har klaga på nettopp for dårleg kunnskapsgrunnlag. Fjellstyret har inkludert den nye kunnskapen i si vurdering av eventuelle konsekvensar for villreinen, og kommenterer resultatane kort under.

Røldal fjellstyre meiner totalt 440 GPS-registrerte kryssingar på 18 år er eit betydeleg antal kryssingar. Av desse er 288 kryssingar gjort av bukk. I konklusjonane til Norconsult så verkar det som at ein gløymer at det i løpet av desse 18 åra har vore eit relativt avgrensa tal på bukkar som har vore GPS-merka. I tillegg er det sjølvsagt slik at dei aller fleste dyra ikkje er GPS-merka. Det faktiske talet på kryssingar over Holmavatnet må altså ut frå dette datamaterialet antas å vere av eit betydeleg omfang! Å bagatellisere betydninga av trekket over Holmavatnet, og dermed også viktigheita av å kunne beite på holmane i vatnet, verkar særst snodig.

Røldal fjellstyre er også særst skuffa over at ein no, når «*NINA har tilgjengeliggjort hele sitt GPS- datasett for villrein i SVR...*» (RSK Revisjon og OU Tilleggsdokumentasjon, Norconsult 2024), ikkje gjennomfører dei utredningane som Røldal fjellstyre etterlyser i kravet sendt LYSE DA. Fjellstyret bad om «... *at ein ikkje avgrensar utgreiingar om villreinen sin faktiske arealbruk til området rundt Holmavatn, men inkluderer heile den nordlege delen (altså nedbørsfeltet til RSK) i utreiinga. Ein må bruke alle tilgjengelege GPS-data, frå 2006–2024.*» At denne informasjonen framleis manglar er problematisk for fjellstyret.

Røldal fjellstyre meiner framleis at ein ikkje har eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket for villrein. Med informasjonen som følgjer, kan ein ikkje gjennomføre ei forsvarleg saksbehandling.

Svaret på dette kravet, er publisert på same sida under overskrifta «*Kopi av epost fra RSK til Hardangervidda villreinnemd angående krav om tilleggsdokumentasjon*». (Korrekt namn ville vore at svaret var gjeve Røldal fjellstyre.)

Røldal fjellstyre ynskjer å gje ein kort kommentar til dei tilbakemeldingane som kjem frå LYSE i svar e-posten:

Å halde seg oppdatert er utfordrande når det gjeld reinsdyr! Her har det faktisk skjedd særst mykje berre det siste året.

- Regjeringa har kome med ei eigen Stortingsmelding (*Meld. St. 18 (2023–2024) "Ein forbetra tilstand for villrein"*).
- Det vert arbeida med tiltaksplanar (<https://www.statsforvalteren.no/tiltaksplanhv/oversendelse>).

- I tillegg har ein andre forplikingar som til dømes «Monteralavtalen». (<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/det-globale-kunming-montreal-rammeverket-for-naturmangfold-naturavtalen/id2987476/>)

Alle desse aspekta totalignorerer LYSE Kraft DA i si tilbakemelding. Røldal fjellstyre forventar at NVE pålegg LYSE KRAFT DA å utgreie alle dei momenta som kjem fram i «Krav om tilleggsdokumentasjon for villrein frå Røldal fjellstyre».

Fjellstyret er uroa for:

(Lista er for ordensskuld ikkje uttømande.)

- Røldal fjellstyre meiner det **ikkje** er tydeleggjort kva miljøforbetringar det vert for villreinen.
 - o Det er føreslått tørrlegging av ei elv som einaste tiltak. Dette er ikkje truverdig!
 - o NVE må òg vurdere kva vern det er forventa at villreinen skal ha, i villreinområda, og spesielt i verneområdet, oppretta nettopp for å verne om villreinen.
- Ein har **ikkje** vurdert kva påverknad verken noverande regulering, eller dei planlagde pumpekraftverka, har for villreinstamma på Hardangervidda.
- Ein har **ikkje** inkludert nyare GPS-posisjonar i datagrunnlaget.
- Ein vurderer **ikkje** tilfredsstillande konsekvensar «pumpemagasinet» vil ha for villreinen. Det framkjem heller ingen forslag til avbøtande tiltak, eller alternative utbyggingar.
- Røldal fjellstyre uroar seg også for dei indirekte ringverknadane RSK-reguleringa har for villreinen – både i Hardangervidda, og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Hovudinnfartsåra til Hardangervidda nasjonalpark frå sør-vest går over reguleringsmagasinet i Valldalen.
 - o Fjellstyret si meining, er at denne innfallsporven – kor ferdselen i all hovudsak går i botn av djupe dalar og på islagte vatn – er det mest skånsame for reinsdyra. Traséar der det blir gitt løyve til motorisert ferdsel, er vist i kart utarbeida av Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark: <https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/?urlid=bd3fa430-c472-44d6-b6a0-7f58d1347287> Dersom ferdsle gjennom Valldalen ikkje er mogleg, må ein nytte trasé 1a/1b eller 3, som alle går i høgfjellet, tvers gjennom årleg nytta vinterbeite. Auka ferdsel i desse områda, vil gjere dei lite attraktive som beiteområde for reinsdyr, og er soleis stikk i strid med signala frå regjeringa om ein ny villreinpolitikk.

Villreinfond

Det må syttast for at regulanten vert pålagt å yta betydelege årlege økonomiske tilskot til eit villreinfond – både for Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke.

Gjeldande friluftsliv og ferdsel

- Fjellstyret krev full bruksrett på alle anleggsveggar anlagt på, og inn i, statsallmenninga.
 - o Fjellstyret disponerer i per i dag eit låspunkt i bommen som stenger vegen inn i Middyr. Dette etter munnleg avtale med Hydro. Ein har hatt denne ordninga dei siste fire åra. Ordninga har fungert særskilt bra, og vore eit positivt forbetring frå tidlegare løysingar. Røldal fjellstyre ynskjer at denne avtalen vert vidareført og formalisert.
 - o Røldal fjellstyre ynskjer helst at plasseringa av bommen vert flytta frå noverande plassering til avkøyrseveg frå gamleveggen gjennom Dyrskar. Dette ville redusert belastninga, og skjerma belastninga på villreinterrenget nord for E-134 ytterlegare.
- Det må sørgjast for at Valldalen i framtida kan nyttast som sikker tilkomstveg til Hardangervidda. Om dette betyr restriksjonar i manøvreringsregimet på noverande regulering, må ein opne for dette. Innfrir ein ynsket til regulanten om å endre Valldalen til eit «pumpemagasin», må ein som del av konsesjonssøknaden gjere dei endringa som er naudsynte ved «HRV/LRV», for å sikre trygg ferdsel gjennom Valldalen året rundt.
- Røldal fjellstyre ber om at ansvaret for tilkomstvegen gjennom Valldalen, og tryggleiken på denne (både sommar og vinter) vert flytta frå Ullensvang kommune, til innehavar av konsesjonen.
 - o Regulanten må påleggjast å få utført skredrapportar for alle veggar anlagt i samband med reguleringa.
- År om anna er det overløp mellom Austre- og Vestre Middyrvatn. Det kan då vere uforsvarleg å krysse mellom desse to vatna. Når dette er tilfellet, må regulanten få krav om å leggje ut bru, slik at kryssing vert mogleg.
- For ålmenta sitt friluftsliv, så vil det vere særskilt negativt om isen på Votna vert meir ustabil enn den er i dag. Skiløypa over isen på Votna, og vidare ned til Røldalsbygda, er det mest populære skituren i Røldal. Forsvinn denne, så vil dette vere særskilt negativt.

Oppsummert

Manglande kunnskapsgrunnlag:

Røldal fjellstyre krev at NVE pålegg regulanten tilleggsutgreiingane som kjem fram i lista under. Fjellstyret meiner desse er naudsynte for å kunne gje ein høyringsuttale basert på eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag.


- Ei fullstendig konsekvensutgreiing for villreinstamma på Hardangervidda.
- Ei fagleg vurdering av alternative «pumpemagasin» for å redusere belastninga for villreinen.
- Ei fagleg vurdering av dei negative konsekvensane usikker is/«pumpemagasin» vil ha for utveksling av villrein mellom Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke villreinområde.
 - o Ein må då ta omsyn til snøscooterferdsel til Hardangervidda frå alternativ trase frå Peparstein/Haukelifjell, pga. uframkomeleg veg gjennom Valldalen. Effekt av ny Haukelitunnel (med utløp ved Peparstein), fører truleg til betydeleg auka turist-/toppturaktivitet på Haukelifjell. Dette scenarionet må òg vurderast.

- Ei fagleg vurdering av kva «fiskeutsettingsregime» som er økologisk forsvarleg i reguleringsmagasina på statsallmenninga.
- Regulanten må påleggjast å få utført skredrapportar for alle vegar anlagt i samband med reguleringa.

Fjellstyret krev følgjande miljøtiltak innanfor Røldal statsallmenning:

- Røldal fjellstyre skal ha full bruksrett på alle anleggsvegar etablert inn i statsallmenninga (veg til Middyrvatn og Kaldevatn). Vegane skal vere stengde med bom.
- Etablering av båtutsett i Austre- og Vestre Middyrvatn, Kaldevatn, Votna og Røldalsvatnet.
- Årlege økonomiske løyvingar til Røldal fiskefond – minst kr 50 000
- Årlege økonomiske løyvingar til villreinfondet, både for Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke.
- Regulanten må få tydelege utsetjingspålegg i alle regulerte vatn (Austre- og Vestre Middyrvatn, Nupstjørn og Kaldevatnet) i statsallmenninga.
- Regulanten må påleggjast å utføre jamleg prøvafiske, kor kvaliteten på fisken vert vurdert, og utsetjingspålegget revidert i samsvar med resultatata. (Som til dømes er svært aktuelt i Votna.)
- Regulanten må få ansvaret for å kultivere overbefolka fiskevatn.
- Det må etablerast bru mellom Austre og Vestre Middyrvatn.
- Røldal fjellstyre krev at regulanten skal nytte fjelloppsynet til relevant arbeid (til dømes fiskekultivering, transportoppdrag, snømåling o.l..)
- Ansvaret for tilkomstvegen gjennom Valldalen, og tryggleiken på denne (både sommar og vinter) vert flytta frå Ullensvang kommune, til innehavar av konsesjonen.
- Naust med overnattingsdel ved Kaldevatnet
- Bom inn til Middyrvatn vert flytta til avkjørsel ved gamlevegen gjennom Dyrskar (E-134).

mvh



Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar, Røldal fjellstyre

Kopi

- Ullensvang kommune
- Statskog DA